

# Gudstenester i Vestnes

04. des. 2. s. i advent  
**Myra kulturhus kl. 11.00**  
Storfamiliegudsteneste.  
Utd. til 5. klasse frå Vestnes.  
Sittedsansgruppa deltek. Kyrkjekaff.  
Takkoffer til Diakoniarbeidet i soknet.

**Vike kyrkje kl. 18.00**  
Lysmesse, konfirmantane deltek.  
Takkoffer til konfirmantarbeidet.

11. des. 3. s. i advent  
Adventskonsertar i:  
**Fiksdal kyrkje kl. 15.00**  
**Vike kyrkje kl. 17.00**  
**Vestnes kyrkje kl. 19.00**

18. des. 4. s. i advent  
**Tresfjord trygdeheim kl. 11.00**  
Nattverdsgudsteneste.

**Vestnes sjukeheim kl. 16.00**  
Nattverdsgudsteneste.

**Tresfjord kyrkje kl. 19.00**  
Adventskonsert.

24. desember  
Julaftangudstenster i:  
**Tresfjord kyrkje kl. 14.00**  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

**Vike kyrkje kl. 16.00**  
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Mali.

**Vestnes kyrkje kl. 14.00**  
Tomrefjord skulekorps deltek.  
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

**Vestnes kyrkje kl. 16.00**  
Vestnes skulekorps deltek.  
Takkoffer til Kirkens SOS Møre og Romsdal.

25. des 1. juledag  
**Fiksdal kyrkje kl. 12.00**  
Familiegudsteneste.  
Takkoffer til NMS.

**Vestnes kyrkje kl. 12.00**  
Høgmesse med nattverd.  
Vestnes musikklag deltek  
Takkoffer til NMS.

26. des. 2. juledag  
**Tresfjord kyrkje kl. 11.00**  
Høgmesse med nattverd.  
Takkoffer til NMS.

31. des. Nyårsaftan  
**Vestnes kyrkje kl. 22.30**  
Nyårsaftangudsteneste.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

08. jan. Kr. Openberringsdag  
**Vike kyrkje kl. 16.00**  
Nyttårsfest i kyrkja.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

15. jan. 2. s. i openberringstida  
**Fiksdal kyrkje kl. 11.00**  
Høgmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Normisjonen.

**Vestnes kyrkje kl. 18.00**  
Kveldsgudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer til Kirkens bymisjon.

22. jan. 3. s. i openberringstida  
**Tresfjord kyrkje kl. 11.00**  
Høgmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

29. jan. 4. s. i openberringstida  
**Vestnes kyrkje kl. 11.00**  
Gudsteneste. Lys våken.  
Takkoffer til Søndagsskulen Romsdal krets.

05. feb. 5. s. i openberringstida  
**Vike kyrkje kl. 11.00**  
Høgmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

12. feb. Såmannssøndag  
**Fiksdal kyrkje kl. 11.00**  
Tårnagentgudsteneste.  
Utd. til 1. klasse. Takkoffer til Søndagsskulen Romsdal krets.

**Tomrefjord Kristne Forsamlingshus kl. 18.00**  
Kveldsgudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer til Bibelselskapet.

19. feb. Kristi forkldag  
**Tresfjord kyrkje kl. 11.00**  
Høgmesse. Nattverd.  
Takkoffer til KFUK/KFUM.

26. feb. Fastelavnssøndag  
**Vestnes kyrkje kl. 11.00**  
Karnevalsgudsteneste.  
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

01. mars Askeonsdag  
**Vestnes kyrkje kl. 18.00**  
Skriftmålgudsteneste.  
Takkoffer til Sjømannskyrkja.

05. mars 1. s. i fastetida  
**Vike kyrkje kl. 11.00**  
Tårnagentgudsteneste.  
Utd. til 1. og. 3. klasse.  
Takkoffer til Trusopplæringa i soknet.

12. mars 2. s. i fastetida  
**Vestnes kyrkje kl. 11.00**  
Tårnagentgudsteneste.  
Utdeling til 1. klasse.  
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

**Fiksdal kyrkje kl. 18.00**  
Tomasmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Bibelselskapet.

18. mars Laurdag  
**Vestnes kyrkje kl. 18.00**  
Ungdomsgudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer til KRIK.

19. mars 3. s. i fastetida  
**Tresfjord kyrkje kl. 11.00**  
Familiegudsteneste v/ døvepres  
Odd Erling Vik Nordbrønd. Nattverd.  
Utdeling til 1. klasse.  
Takkoffer til Trusopplæringa i soknet.

22. mars onsdag  
**Vestnes kyrkje kl. 18.00**  
Fastegudsteneste.  
Takkoffer til Den indre sjømannsmisjonen.

26. mars Maria bodskapsdag  
**Vestnes kyrkje kl. 11.00**  
Lovsongsgudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer til Rådet for psykisk helse.

**Fiksdal kyrkje kl. 18.00**  
Lovsongsgudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Etiopia. Årsmøte.

02. april 4. s. i fastetida  
**Vike kyrkje kl. 11.00**  
Høgmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Åkerlehaugen.



# KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 3 - DESEMBER 2016

21. ÅRGANG



Gledelig jul!

## Juleevangeliet i Lukas 2,1-20

### Jesus blir fødd

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrdet til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redd! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»



Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ere vere Gud i det høgste, og fred på jorda bland menneske  
Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrdet på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men Maria gjøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde hørt og sett; alt var slik som det var sagt dei.


## Vismennene hyllar Jesus

Matteus 2, 1-12

Då Jesus var fødd i Betlehem i Judea, i kong Herodes' dagar, kom det nokre vismenn frå Austerland til Jerusalem og spurde: «Kvar er den jødekongen som no er fødd? Vi såg stjerna hans gå opp, og no er vi komne og vil hylla han.» Då kong Herodes fekk høyra det, vart han svært uroleg, og heile Jerusalem med han. Han kalla saman alle overprestane og dei skriftlærde i folket og spurde dei ut kvar Messias skulle bli fødd. «I Betlehem i Judea», svara dei, «for slik står det skrive hos profeten:

«Du Betlehem i Juda land,  
blant fyristane i Juda er du slett ikkje den ringaste.  
For frå deg skal det koma ein fyrste,  
ein hyrding for mitt folk Israel.»

Då kalla Herodes vismennene til seg i løynd og spurde dei nøyte ut om kva tid stjerna hadde synt seg. Så sende han dei til Betlehem og sa: «Gå og forhøy dykk nøyte om barnet. Og når de har funne det, så sei frå til meg, så eg òg kan koma og hylla det.» Då dei hadde hørt kva kongen hadde å seia, tok dei i veg. Og sjå, stjerna som dei hadde sett koma opp, før føre dei



## De kommer fra øst – og vest, sør og nord

Av Signe Hellevik

Vismennene kom fra øst, fra en annen kultur. De kjente kanskje jødedommen av omtale, men de var ikke jøder selv. Om de var tre eller flere, vet vi ikke, men de hadde med seg tre typer gaver: gull, røkelse og myrra. Rikmannsgaver som var en nyfødt konge verdig.

De kom for å vise den nye kongen ære. Det endte med at de falt på kne for et fattig barn.

Velstående menn med myndighet og anerkjennelse kneler foran et nyfødt barn. Barnet er fremmed i byen, har ukjente, alminnelige foreldre som er helt uten rikdom eller posisjon i samfunnet.

Så hvordan fant de dette barnet?

De fant et spor og en nøkkel i sin egen kultur, sin egen profesjon og det som var deres daglige virke.

De var stjernetydere. Stjernene og deres vandring på himmelen var en del av deres livsanskuelse, deres filosofi og religion. Og her fant de sporet som førte dem til Betlehem, til barnet som var Guds sønn.

Gud viste dem veien, gjennom det som var deres egen hverdag og deres egen tankeverden. Og når de fulgte sporet, fikk de se og oppleve et under som var mye større enn de kunne forestille seg.

Slik er Gud ennå. Han møter oss der vi er, i det som er vårt liv og legger igjen spor eller nøkler, utfordringer som viser en retning mot noe mer og større.

De tydeligste sporene finner vi i Bibelen, i fortellingene om barnet i krybba, han som ble ung og voksen. Han som gikk omkring og gjorde vel, ga mennesker livsmot og selvrespekt og møtte den enkelte med et guddommelig blikk.

Ikke alle er født inn i en kristen kultur der bibelfortellinger og bønn er en del av hverdagen. Men Gud er større, mye større enn de grensene vi kan finne på å sette. Og han kan finne oss og lede oss fra der vi er akkurat nå, lede oss til et møte med Kristus – i det lille barnet eller i den revolusjonære opprøreren, den kloke medvandreren eller den som seiret over ondskap og død.

Jesus Kristus, Guds Sønn, er julegaven til hele verden, alle folkeslag, alle kulturer og alle tider.

Stjernen ledet vise menn  
til den Herre Kristus hen.

Vi har òg en ledestjerne,  
og når vi den følger gjerne,  
kommer vi til Jesus Krist.


## Ei natt i desember

Av Per Audun Högset

Ei natt i desember eg vaknar så brått,  
høyrer det bankar på dører så smått,  
i mørkaste natt, ein mann og ei kvinne.  
Eg kjenner dei knapt nok igjen, slitne, trøytte, åleine,  
Josef og Maria, den reine,  
Jesu mor, det hastar, no er tida inne!

Er eg i draumar, eg kjenner meg så kald,  
undrast, kvar er asen, krubbe og stall?  
Betlehems stjerne, kvar er ho å finne?  
Hellige tre kongar, kjem dei? Vise menn frå Austerland,  
stryk dei barn Jesus med mjuk hand?  
Guds englar, det hastar, no er tida inne!

Maria, finn du i natt ein stad å føde?  
Verda rundt deg er svart, kald og øde,  
hat og frykt er i ferd med å vinne!  
Mot Herodes sine soldatar du ditt barn vil verne,  
lyd av bomber i det fjerne.  
Flykt Maria, det hastar, no er tida inne!



## VISMENNENE I ANTEMENSALET I TRESFJORD KYRKJE

av Audbjørg Gjerde Lippert

I ei av rutene til antemensalet som heng over prekestolen i Tresfjordkyrkja, har vi «dei tre vismennene frå Austerland» som kjem med gavetil Jesusbarnet: gull, røykjelse og myrra. Kyrkjelyden der har derfor i generasjon etter generasjon vore minte om desse heilage kongane som kom frå aust for å møte jødekongen som skulle vere fødd i Betlehem. I spansk og søramerikansk tradisjon feirar dei 6. januar – heilage tre kongars dag. Det er den dagen borna får gåver, og vismennene blir nærmast som vår julenis. Du finn dei både i kyrkjene og i kjøpesentra. Slik får vismennene ein meir sentral plass enn dei tradisjonelt har i vår kyrkje. Vismennene har fått namna Kaspar, Melkior og Baltasar. Det er mange legender rundt desse vismennene, stjernetydarane, som kom for å finne Jesusbarnet, og som stjerna ført til rett stad. Utanom Matteusevangeliet er dei med i mykle litteratur, ikkje minst i julesongane våre, for eksempel i «Eit barn er fødd i Betlehem» der det i vers 4 heiter:



*Tre kongar kom frå Austerland,  
frå Austerland,  
gull, røykjels', myrra gav dei han.  
Halleluja, halleluja!*

## JULETRADISJON MED VISMENN I VIKE KYRKJE

Tekst og foto: Asbjørn Gisnås

I Vike kyrkje er det tradisjon med julefest første søndag på nyåret. Dette er ein kombinasjon av familiegudsteneste og julefest. Sidan dette skjer rundt tida for Heilag-Trekongar-dagen, har dei tre vise menn fått for vane å dukke opp. Det ærverdige følget er populært, ikkje minst fordi dei har med gåver til barna, slik vismennene frå austerland bar fram gåver for Jesusbarnet.



## De hellige tre konger

Av Jens Bjørneboe

*Vi hellige tre kongsmenn  
fra nord og syd og øst  
har lest i himlens stjerneskrift,  
og dette ga oss trøst.*

*Vi var i hvert vårt fjerne land  
og trodde hva vi så.  
Og vi tok belte, stokk og sko  
og kongedrakten på.*

*Men ingen av oss visste om  
de andre konger to.  
Vi trodde oss alene på  
den lange vei vi dro.*

*Hver enkelt vandret ene om  
i ørken, skog og fjell,  
og spurte seg bedrøvet: Er  
vel stjernen der i kveld?*

*Og lenge gikk vi uten lys  
i jordens mørke land.  
Og dette var så hård en tid  
for hver en kongemann.*

*Vi tapte retning, vei og håp,  
vi var som skib i drift,  
og tenkte: Vi har nok lest feil  
i himlens stjerneskrift.*

*Til slutt kom tåke over oss,  
en natt med styggevær,  
i blinde steg vi opp et fjell  
og fant hverandre der.*

*Der møttes vi tre kongemenn,  
fornam hverandres røst:  
Den samme stjerne har vi fulgt!  
Det var så stor en trøst.*

*I tåken talte vi om det,  
i denne natt så sort.  
Vi visste ikke bjergets navn,  
men så drev tåken bort.*

*Og bange så vi hvor vi var,  
vårt fjell var uten trær.  
Det var kun kors og døde menn  
og hodeskaller der.*

*Da talte vi tre kongemenn:  
Nu vet vi hvor vi er.  
Vi synes det er selsomt at  
vi skulle møtes her!*

*Et bjerg som heter Golgata,  
den hodeskalleplass,  
har vært vårt vennskaps fødested.  
Et merkelig palass!*

*Så dro vi til Herodes borg  
og bøyet oss for ham.  
Vi tenkte, det må være her  
vi finner verdens lam.*

*Herodes sa: I konger tre,  
bli i mitt hus og hvil!  
Men der var noe underlig  
i kong Herodes smil.*

*Om natten dro vi etter bort,  
og da kom stjernen frem.  
Den lynte oss en stjernevei  
til byen Betlehem.*

*Så stod vi foran stallens dør,  
da skrek en liten gutt.  
Vi gråt en smule alle tre,  
for nu var reisen slutt.*

*Alene gikk vi konger tre,  
vi hadde langt å vandre,  
Men så en natt på Golgata  
da møtte vi hverandre.*

# MIN JULESALME

Vi har spurt Arild Hustad, Vestnes sokneråd, og Randi Balstad, Vike sokneråd, om dei kan seie nokre ord om ein julesalme dei sett ekstra høgt.

## Arild Hustad:

Då eg var liten, var julefestane på bedehuset og ungdomshuset på Daugstad høgdepunkta i romjula. Når vi gjekk rundt juletreet, venta eg alltid på "O' jul med din glede." Den kom ofte sist av dei kjende julesongane, men då vart det alltid liv og røre og god stemning i ei nokså alvorleg forsamling! Men den aller finaste julesongen er for meg Glade jul - på nynorsk, og i Richard Powel sitt fine arrangement. Å få synge den under julekonserten i kyrkja med Tomrefjord songlag, var alltid ei stor oppleving. Når eg hører denne julesongen, kjem den rette, gode julestemninga!



## GLADE JUL

*Glade jul, heilage jul!  
Englar kjem frå Guds kongestol,  
blomar ber dei frå paradis,  
fint og fagert dei syng Guds pris.  
Løynleg ikring oss dei går,  
løynleg ikring oss dei går.*

*Julebod, gledeleg bod  
tonar til oss med himmelljod,  
song av englar som hyrdingar såg  
den gong Jesus i krubba låg.  
Songen av englar er sael,  
songen av englar er sael.*

*Fred på jord, fryd på jord!  
Jesusbarnet det er vår bror,  
englar syng om hans herlegdom,  
han har reidd oss i himmelen rom.  
Songen av englar er sael,  
songen av englar er sael.*

*Sæle fred, himmelsk fred  
julekvelden til jord kom ned.  
Englar syng om den fred dei såg,  
syng om han som i krubba låg.  
Gled deg, kvar sjel han har frelst!  
Gled deg, kvar sjel han har frelst!*

## Liv Randi Balstad:

Eg har valt Mariavise med norsk tekst av Hans Olav Mørk og melodi av Tore Aas (Legg barnet mitt lunt i et teppe). Mariavise er ikkje mellom dei tradisjonelle julesongane våre, men Oslo Gospel Choir har hatt denne på julerepertoaret sitt dei siste åra. Teksten og melodien kler kvarandre godt. Visa formidlar Maria si undring, sin varme og kjærleik til det nyfødde barnet på ein fin og inderleg måte. Eg kan sjå for meg korleis ho varsamt sveiper barnet inn i sjælet sitt for å gi det varme og vern. Ho kjente nok på kor skjort og sårbart det vesle barnet var, - så lite og samtidig så stort! Vil du gje tid og rom for Jesusbarnet i di feiring denne jula? Eg vil! Med ønske om ei god jul til alle!



## MARIAVISE

*Legg barnet mitt lunt i et teppe  
og la oss få hvile og ro.  
Det var ikke plass hos det travle,  
det var ikke plass til oss to.  
Når livet blir til, må det elskes,  
og elskes fordi det er til.  
Så vanskelig er det å la det få rom,  
få rom til å bli hva det vil.*

*Han kom som et lys fra Guds himmel,  
en engel fortalte meg alt.  
Og jeg tok imot, og var åpen.  
Jeg visste at nå var jeg kalt  
til bare å være en aker  
der såkornet gror av seg selv.  
Så lot jeg mysteriet sakte ta form  
i barnet jeg fødte i kveld.*

*Vi fant ikke husrom, du lille,  
det var ikke plass noe sted.  
Og så ble du lagt i en krybbe,  
nå fyller du mørket med fred,  
og varmen fra husdyr er blandet  
med duft av din nyfødte hud.  
Så sterkt og så nært er ditt ansikt i natt,  
du evige, sårbare Gud.*

*Svøp sjælet rundt barnet som sover  
og la oss få hvile og ro.  
Det var ikke plass hos de travle,  
det var ikke plass til oss to.  
Når livet blir til, må det elskes,  
og elskes fordi det er til.  
Så vanskelig er det å la det få rom,  
få rom til å bli hva det vil.*

# AVSKILSFEST FOR SIGNE HELLEVIK SOM SOKNEPREST I VESTNES

Tekst og foto: Audbjørg Gjerde Lippert

Fredag 23. oktober hadde alle sokneråda i kommunen gått saman om å arrangere ein fest for Signe på Forsamlingshuset i Tomrefjord. Folk frå alle delar av kommunen hadde også møtt opp for å vere saman med henne denne kvelden.

Leiar i Fellesrådet, Thor Ringsby, leda festen. Mange hadde ordet og kom med takk og gode ord til ein sokne-prest som var sett stor pris på. Her kan vi nemne prost Erling Nevland, sokneprest Inger Marie Jakobsen Sylte, Thor Ringsby, soknerådsleiar i Vike Liv Randi Balstad, tidlegare diakon Sigurd Moltubak og leiar av husstyret for Forsamlingshuset Hans Frafjord. Liv Randi Balstad overrekte dessutan ei gavé frå Fellesrådet og sokneråda. Det var eit måleri av Liv Annbjørg Eidhamar med tittelen «Fri», ei gavé Signe uttrykte takksemd for.

Kantoren vår, Sissel Fossli Schiøtt, spelte argentinsk musikk, - tango - som ein gimmick til Signes tid som misjonær i Sør-Amerika.

Eit av stykka hadde dessutan tittelen «Adiós...»

Signe fekk ordet og sa litt om korleis ho hadde opplevd tida her i Vestnes som prest. Ho hadde likt seg så godt at ho eigentleg hadde tenkt å halde fram til ho blei 67 år, men så dukka stillinga som rådgjevar hos biskopen opp. Ho søkte stillinga og fekk henne. Signe var inne på at livet som prest hadde vore rikt, og kom spesielt inn på kor mykje arbeidet med gudstenesta hadde betydd for henne. Ho nemnde rikdommen ho opplevde gjennom lesing av tekstane og dei gamle bønnene. Det same gjaldt forretting av dåp og nattverd, og ikkje minst å få lov til å lyse velsigninga. Ho takka òg for at ho som prest hadde fått gå saman med folk eit stykke på vegen både i glede og sorg.

Dei frammøtte kunne etter kvart kose seg med velsmakande snittar og gode kaker som sokneråda hadde ordna i stand. Det var god stemning rundt småborda som var fint pynta, og praten og latteren sat laust hos dei frammøtte. Det blei ei enkel og fin markering av Signe Hellevik sin avskil med kyrkjelydane i Vestnes som har hatt henne som sin prest i meir enn ti år.



# SIGNE HELLEVIK TAKKAR FOR SEG

Tekst og foto: Audbjørg Gjerde Lippert

*Etter nesten elleve år som sokneprest i Vestnes sluttar Signe Hellevik for å gå over i ny stilling som personalrådgjevar på bispekontoret. Kyrkjebladet har oppsøkt henne i den trivelege heimen hennar for å få ein prat.*

*Du har vore prest i Vestnes sidan 2006, men du har også arbeidd med mykje anna i livet ditt i inn- og utland, bl.a. som misjonær i Ecuador. Vi veit òg at du har hatt ulike jobbar innan skule og omsorgsteneste i tillegg til andre kyrkjelege stillingar som vikarprest og kyrkjeverje i Vestnes heilt frå 1997. Med andre ord har du ein allsidig bakgrunn. Det å vere prest kan vel på mange måtar vere ei litt spesiell stilling. Kan du seie litt om korleis du har opplevd denne perioden i livet ditt?*

Det kjem spontant frå Signe:

Meiningsfullt og givande. Krevjande til tider, men like fullt har det vore meiningsfullt. Det har gi meg mange gode stunder, og på mange måtar er prestetenesta meir ein livsstil enn eit arbeid. Det å kunne møte folk i viktige livssituasjonar - alle aldersgrupper i sorg og glede - har vore godt. Du får del i mange livshistorier der du møter den enkeltes liv i samband med gravferder. På kjøpet får du imblíkk i tidsepokar og kulturhistorie.



Ho tar ein liten pause, tenker litt, før ho snakkar vidare:

Eg har både møtt og fått høre om mange syersker, skreddrarar, fiskarar, båtbyggjarar, folk som har hatt yrket sitt på sjøen. Det har gitt meg glimt inn i ei anna tid. Dette har eg opplevd som eit privilegium. Har blitt lukka inn i deira liv. Det same gjeld vigsels- og dåpssamtalar. Då har eg òg blitt lukka inn i ein liten, men viktig del av livet deira, noko eg er takknemleg for. Føler det har vore fine, ekte møte fordi det er i viktige livssituasjonar.

(Eg smaker på gode, omnsbaka eple med is mens Signe held fram.)

For meg som prest har forkynninga og gudstenesta vore svært viktig. Det er ei mykje sterkare oppleveling enn eg tenkte på forhånd å gi stemme til liturgien, gi vidare dei gamle, velbrukte orda. Det opplevest som ein energi - ei kraft - som er innebygd i liturgien. Eg unner mange å få del i det. (Ho snakkar engasjert om korleis nettopp denne delen av arbeidet overraska henne.) Det å måtte fordjupe seg i bibeltekster har vore fint og verdifullt for mitt eige liv. Eg har fått kjenne på kva de betyr for meg sjølv, og har fått prøve å gi noko av det vidare, gjere Guds godheit og nåde synleg for folk.

(Eg ser på ansiktet til Signe mens ho snakkar, ser at dette er viktig å få sagt. Så går ho vidare og kjem inn på sjelesorgsituasjonar som òg er ein del av prestetenesta. Ho fortel korleis ho prøver å vise at vi alle er skapte med ein gudgitt verdi.)

**Men er det ikkje vanskeleg å leve med alle desse skiftingane, den høgste glede ei stund og den djupaste sorg i neste?**

Ho tenkjer seg litt om, så kjem det:

Nei, eg synest ikkje det. Det kan verke som ein stor kontrast frå dåpssamtale ei stund til å møte ein familie i sorg i neste, for så seinare på dagen å ha eit forfriskande møte med undervisning av konfirmantane. Likevel er det på ein måte ikkje så stor kontrast, synest eg, for alt dette er ekte møte med menneske, og då høyrer alt med.

**Men det må vel av og til vere i tøffaste laget sjølv for ein prest? Vanskeleg å involvere seg i alle situasjonar?**

Nokre gonger er sorga så djup og gjennomgripande at eg ikkje har klart å ta inn noko anna. Tenkjer kanskje at eg skulle ha involvert meg meir, men tenkjer òg at det handlar om respekten for andre si sorg. Dette med ikkje å trø altfor nær. Som prest har eg hatt min vesle del, ein liten bit, og håper den har vore viktig akkurat rundt gravferda. I tida som følgjer har eg tenkt at venner og familie betyr mykje meir.

**Vi foyer til: Du har sjølv opplevd sjokk og stor sorg då du miste Ivar, mannen din, i ei bilulykke og sat igjen med fire barn å ta vare på. Trur du denne erfaringa som snudde opp ned på alt i livet ditt og endra det for alltid, har vore ein styrke i møte med andre som har det vanskeleg?**

Eg trur eigne erfaringar har vore til hjelp for å ane korleis folk kan ha det, for eg har sjølv opplevd kor lammande sorga kan vere. Men eg veit òg kor lite eg veit om andre si sorg, for alle har si eiga sorg, og det har eg prøvd å vise respekt for.

**Men så lyser Signes ansikt opp, og det kjem stille:**

Men eg har også fått erfare at livet kan bli godt å leve igjen. Det har vore fint å ha med seg i tenesta og noko eg har kunna dele med andre. Det er alltid eit håp sjølv om det ikkje verkar slik.

**Tankane går vidare inni Signe. Så seier ho:**

Det har vore godt å vere prest. Det har vore fint å oppleve små barn som fyller kyrkja. Kjekt når folk helsar på butikken. Småbarn som ropte: «Hei, eg såg deg i kyrkja!» Dei forfriskande møta med ungdom og konfirmantar, bli kjent med dei som skal gifte seg, høre noko om deira ønskje og draumar for samlivet framover, få innblikk i livet til foreldre som kjem med barna til dåp, gudstenestene og arbeidet bak desse. Førebuinga er tidkrevjande, men rik for eigen del òg. Det er ei djup glede gøynd inni alt dette, som ein skatt gøynd i åkeren.

**Vi kjem vel ikkje utanom spørsmålet om kva du ser på som det viktigaste i rolla som prest. Her er Signe klar og spontan i svaret.**

Prestens oppgåve er først og fremst å forkynne evangeliet og forvalte sakramenta, det vil seie formidle Guds nåde med ord og nådemiddel, i handling. Det å formidle eit ekte nærvær, vere med og opne opp for det heilage eller Den heilage.

**Kan du nemne spesielle hendingar i prestestillinga som har gjort ditt eige liv rikt?**

Dei mange møta. Alle betyr mykje der og då. Enkelte blir verande lenger i minnet enn andre. Sjelesorg og nattverd til sjuke har vore rike stunder. Det same gjeld førebuing av preiker som har vore med å skape bevisstgjering av eiga tru.

**Tviler du aldri?**

Jau, det kan eg gjere. Kanskje meir før enn no. Tvilen gjekk oftaast på om Gud er til, eller om det er ein illusjon. Men eg landar alltid på at eg klarer ikkje å forstå anna enn at det må vere noko meir enn oss. Eg tenkjer på det som er fint, det gode og vakre, naturen, alt som fungerer, at det må vere ein skapar bak. Kan umuleg vere vi menneske som er det ypparste. Det er deprimerande i tilfelle. Skapingsteologien er blitt fundamentet i mi tru, og då fell det andre på plass.

**Eit siste spørsmål om kva som har vore den aller største gleda for deg som prest?**

**Utan nøling svarer Signe:**

Å få lyse velsigninga over menneske og kyrkjelyd har for meg vore svært sterkt. Kanskje det aller finaste eg har fått vere med på i jobben min som prest i Vestnes.

**Du bestemte deg å slutte som prest for å gå over i ny stilling. Vi lurer litt på kvifor du gjorde det? Signe smiler litt før ho tar ordet.**

Eg har lenge sagt at ein kyrkjelyd har godt av å skifte prest etter omrent ti år. Eg rekna med at det ville blitt rundt 15 år for meg om eg fortsette til eg var 67 år. Men så fekk eg ein telefon med oppfordring om å søke stillinga som personalrådgjevar ved bispekontoret. Det handlar om å legge til rette for at prestane og andre i kyrkja skal ha gode arbeidsvilkår. Personalarbeid med vegleiring og tilrettelegging verka utfordrande og interessant. Derfor valde eg å söke, og i neste omgang ta imot stillinga. Det gav ei mulighet til å lære noko nytt dei siste arbeidsåra.

Etter eit liten pause legg ho til:

Dessutan er eg blitt bestemor og har barn og barnebarn langt unna. Regulert arbeidstid og fri i høgtider kan derfor komme godt med. Men eg har hatt det svært godt her, har trives. Kunne gjerne fortsatt. Skal vel godt gjerast at den nye jobben blir like givande. Samtidig meiner eg det er fint at yngre krefter kjem til.

**Takk til alle som har tatt så godt i mot meg og vist velvilje i alle desse åra, sluttar ho.**

**Vi veit at mange vil sakne Signe som prest. Hennar store kunnskap og gode preiker, den lune roa og naturlege autoriteten i vesenet hennar, har ført til stor tillit hos oss soknebarna. Det er blitt sagt om Signe at ho kjem stilt inn i rommet, men fyller det med tryggleik så snart ho er til stades i det.**

## NORDNORSK JULESALME

Av Trygve Hoff

Velsigna du dag over fjordan.  
Velsigna du lys over land.  
Velsigna de evige ordan  
om håp og ei utrakt hand.  
Verg dette lille du gav oss  
den dagen du fløtta oss hit.  
Så vi kjenne du aldri vil la oss  
forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa  
men hadde så sterk ei tru.  
Og ett har vi visserlig sanna  
Vi e hardhausa vi som du.  
Nå har vi den hardaste ria  
vi slit med å karre oss frem  
mot lyset og adventstida  
d'e langt sør til Betlehem.

Gud fred over fjellet og åsen.  
La det gro der vi bygge og bor.  
Guds fred over dyran på båsen  
og ei frossen og karrig jord.  
Du ser oss i mørketidslandet  
du signe med evige ord.  
Husan og fjellet og vannet  
og folket som leve her nord.



## BLÅ SALME

Tekst: Erik Bye / Musikk: Henning Sommerro

Jeg synger meg en blå, blå salme  
når dagen svinger hatten til farvel  
og ror med sakte åretak mot strender  
dit alle dager ror når det blir kveld.  
Da søker jeg min hvile  
ved treets trygge rot  
mens sankthansormer gløder grønt  
i gresset ved min fot.

Da synger jeg min salme.  
Da synger jeg min salme.  
Jeg synger meg en blå, blå salme  
og takker for all grøde som ble min.  
For lyse døgn, for barneskritt i tunet  
og dine gode kjærtegn mot mitt kinn.  
Men også for våkenetter  
som aldri unte ro  
men gav min dag et dunkelt drag jeg aldri helt forsto.



Jeg synger meg en blå, blå salme  
til deg, du Hånd som sanker og som sår  
og senker deg med signing over jorden  
med legedom for alle våre sår.  
Som byr oss rette ryggen  
stå opp og gå i strid.  
med løftet hode skal hver sjel  
gå inn i Herrens tid.  
Så synger vi vår salme.

## Pilegrimstur til Nidaros

Tekst: Nina Kvernmo Foto: Audbjørg Gjerde Lippert

59 konfirmantar, 8 voksne, to bussar og nokre pokemon deltok på årets pilegrimstur til Nidaros. Vi køyrdet mot finvåret og overnatta også i år på Mjuklia leirstad på Berkåk. Triveleg vertskap og god mat som alltid. Under kveldssamlinga vart det både leik og forteljingar om pilegrimstur i gamle dagar og i nyare tid. Andakt og songen «Tett ved sia mi går Jesus» var avslutninga. Fredag morgen etter rydding av rom og god frukost la vi i veg mot Nidaros. Ved Sverresborg gjekk vi av bussen og brukte «apostlenes hester» dei siste 4,4 kilometra. «Fejinnbrekka» var første stopp med fantastisk utsikt over Trondheim by og målet vårt, Nidarosdomen. Vi gjekk langs Nidelva og hadde ein stopp ved Olavskilden. Nokre av oss drakk og fylte flaskene med rent vatn. Vi fekk litt regn under turen, men ingen lét seg merke særlig av det. Ved kyrkja vart vi møtt av tre guidar og flott omvising i den flotte steinkyrkja frå Middelalderen. Etterpå vart det to timer «fri» rundt Trondheim torg før vi snudde nasen heimover.

*Vi vil takke dei kjekke konfirmantane våre, foreldre, frivillige og bussjåførar for ein flott tur!*  
*Nina, Ellen og Signe*



# Kyrkjeverja

Tekst og foto Asbjørn Gisnås



Du skjønar det kanskje av tittelen, - at kyrkjeverja har ansvaret for kyrkjene og gravplassane. Men det er berre ein del av jobben, ikkje største delen ein gong. Han er også sjef: dagleg leiar for kyrkjekontoret og dei kyrkjeleg tilsette utanom prestane.

Det gjeld kontorsekretær, organist, diakoniarbeidar, trusopplærar, konfirmantlærar, lokale kyrkjetenarar og klokkarar.

Olav Egil Tomren har vore kyrkjeverje i Vestnes i snart to og eit halvt år. Då kom han frå stillinga som dagleg leiar av Tremek (12 år), og før det arbeidde han 20 år i Sparebanken Møre. Han er utdanna i økonomi og administrasjon frå BI og Bankakademiet. Litt meir om Olav Egil privat: tomrefjording, - og bur i Tomrefjord. 59 år, to barn og nytgit. Fritidsinteresser: Sport og idrett, bedehusforsamlinga.

**-Kva fekk deg til å søkje jobben som kyrkjeverje?**

Eg følte at eg var klar for nye utfordringar, og tenkte at dersom eg skulle skifte jobb, måtte det helst skje før eg vart eldre. Bakgrunnen min passar godt til kyrkjeverjejobben, både utdanning og yrkespraksis. Eg har dessutan alltid hatt hjarte og interesse for kyrkje og bedehus.

**-Kva går arbeidet ut på?**

Det er mi oppgåve å leie arbeidet i staben på kyrkjekontoret og for andre tilsette utanom prestane, og sørge for at dei har bra

## Kyrkjeverja sitt hjørne

Fiksdal kyrkje er 150 år i år, og 27. november blei det arrangert jubileumsgudsteneste der biskop Ingeborg Midttømme deltok. På grunn av tidleg deadline får vi ikkje reportasje frå den før i neste nummer av Kyrkjebladet. Fiksdal kyrkje var då ferdig restaurert etter brannen tidlegare i år, og no står den der vakker som aldri før. Vi er svært takksame for den innsatsen som frivillige og Brannvesenet gjorde den kvelden kyrkja brann, noko som førte til at skadane blei avgrensa. Odd Bjerkevoll AS har hatt jobben med å få kyrkja tilbake til den stand ho var før brannen, og dei har gjort ein framifrå jobb. Vi prisar oss lykkeleg over at det trass alt gjekk så bra som det gjorde.

I Vike kyrkje held dei på å laga til eit handikap-toalett. Det har vore eit stort sakn, og no blir det endeleg realisert. Til våren reknar vi med at også Fiksdal kyrkje vil få sitt handikap-toalett. Det var meiningsa at det skulle gjerast dette året også i Fiksdal, men på grunn av brannen måtte vi utsette dette til neste år.

Ein orgelkomité har sett på orgelparken i kyrkjene våre og kome med ein rapport til Fellesrådet om tingenes tilstand og ei plan på kva som må gjerast framover.

arbeidsforhold og er tatt vare på. Eg lagar budsjett og held styr på kyrkjeøkonomien, planlegg og følger opp drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar. Alle prestegjeld har eit Fellesråd, også Vestnes. Det er på ein måte mitt «styre», der eg er sekretær og saksbehandlar. I Fellesrådet sit to medlemmer frå kvart sokneråd, ein av sokneprestane, og ein representant for kommunen, hos oss vanlegvis ordføraren.

**-Er du og dei andre som arbeider i kyrkja, tilsette i kommunen?**

Nei, kyrkja er ein sjølvstendig organisasjon, men kommunen gjev driftstilskot. Vi må også sokje kommunen om midlar til investeringar. Vestnes kommune har ein stram økonomi for tida, men vi har eit godt samarbeid.

**-Du er ikkje sjef for prestane, men for alle dei andre tilsette?**

Ja, det stemmer. Dei to sokneprestane har prosten i Indre Romsdal som sin nærmeste leiar. Men prestane er sjølv sagt ein viktig del av staben, og vi samarbeider tett og godt. Eg har opplevd å bli godt motteken i staben, og eg synest vi har eit eineståande godt kollegafellesskap på kyrkjekontoret.

**-Kva likar du best ved jobben, og kva har vore mest utfordrande?**

Heile jobben er givande. For meg er det mest nytt med drift og vedlikehald av kyrkjebygga, det synest eg er særlig interessant. Kyrkjebrannen i Fiksdal er klart det mest utfordrande til no. Det kom som eit sjokk, og det har vore mykje arbeid med oppfølging etterpå. No er det godt å sjå at skaden ikkje vart større, og at han er reparert.

*Olav Egil Tomren*

## Nokre glimt frå haustens mange samlingar med born og unge



Ein flott gjeng er samla til søndagsskule oppe på kyrkjeloftet den 09. oktober.



10+ samlast annakvar tysdag i kyrkjekontorkjellaren. Ein kjekk og glad gjeng på 25 åt god pizza den 04. oktober.



Det er populært med uteaktivitetar på 10+, og energinivået er alltid på topp!!!



Alma og Aldine Jacobsen Sylte, ivrige søndagsküledeltakarar, har laga så flotte hjarte.



Engasjementet når nye høgder når det er duka for duell i fotballspel...



I trusopplæringsplanen for Tresfjord og Vike er det lagt inn ein overnattingstur for 7. klasse. Her er eit glimt frå den turen der Liv Margaret M. Eidhamar og Martine Nerheim Smisetfoss er i gang med å lage taco. 9 gutter og jenter var med på turen der dei fleste låg under open himmel med fantastisk fullmånelys.

## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Inger Marie Lillevik, fungerande sokneprest  
Telefon: 71184234/ 98041566  
E-post: inger.marie.lillevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, sokneprest  
Telefon 71184236/ 99717442  
E-post: imjsylte@gmail.com

John Sylte, sokneprest (frå 01.01.2017)  
Telefon 91865064  
E-post: john\_sylte@hotmail.com

Ellen Schiøtt, prestevikar/ prostiprest  
E-post: prosti.prest@rauma.kirken.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232  
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje  
Telefon: 71184235/ 91629416  
E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Liv Turid Kristiseter, diakoniarbeidar  
Telefon: 71184237/ 95948477  
E-post: diacon@vestnes.kommune.no


Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230/ 95270346  
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Ellen Edvardsen, vikar for trusopplærar  
Telefon: 71184238/41472908  
E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Nina Kvernmo, konfirmantlærar  
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:  
[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)



## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas, Asbjørn Gisnås,  
Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret 6390 Vestnes

\*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag  
til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet,  
til å ta kontakt med redaksjonen. Takk!*

Gåver til drift og distribusjon av  
Kyrkjeblalet er kjærkomne.

Kontonummer 4056.20.62124

Det er mulig å bestille bladet  
for dei som bur utanfor kommunen.

## Endringar i prestesituasjonen i Vestnes

v/ kyrkjeverje Olav Egil Tomren

Signe Hellevik har slutta som sokneprest i Vestnes og Fiksdal og begynt i ny stilling som rådgjevar personal på Møre bispedømekontor i Molde. Vi takkar Signe for det flotte arbeidet ho har lagt ned som sokneprest og tidlegare kyrkjeverje i Vestnes, og ønskjer henne lykke til i den nye jobben på Bispedømekontoret.

John Sylte er tilsett i stillinga som sokneprest i Vestnes og Fiksdal etter Signe Hellevik. Han er 38 år og bur i Tresfjord. Han kjem frå stillinga som sokneprest i Voll og Vågstranda og tiltre i stillinga her rundt årsskiftet. Vi ønskjer John velkommen.

Inger Marie Lillevik er tilsett som prestevikar i Vestnes for 1 år. Ho er 42 år og har permisjon frå stillinga som kateket i Bolsøy. Vi ønskjer henne velkommen.

Ellen Schiøtt er tilsett som prestevikar i Vestnes ut 2016. Ho er 37 år og studerer teologi ved Universitetet i Tromsø. Vi ønskjer Ellen velkommen.



## Slekters gang

### Vestnes kyrke

Døpte:

- 21.08 Alice Vik Solevågseide  
21.08 Arielle Fagerheim Aas  
11.09 Felix Domaas Berbē  
01.10 Daniel André Venås Sánchez  
09.10 Aksel Aursøy-Holm  
09.10 Frøya Olsen Brastad  
30.10 Jacob Tonkla Sagen  
30.10 Henrik Jensen  
30.10 Selma Eline Øien Grønning  
30.10 Liam Aas Furland  
30.10 Milo Leander Blom

Vigde:

- 03.09 Sølv Liv Smådal og Harry William Valen  
03.09 Åse Neraas og Kenneth Teigen  
08.10 Solfrid Elin Sævareid og Hallgrím Barlaup  
18.11 Turid Marceliusen og Jan Ingar Nerbø

Døde:

- 16.08 Oddvar Vollen Wærp  
17.08 Lilly Mary Simensen  
28.08 Gerd Furland  
31.08 Ingrid Oliva Edvardsen  
23.09 Jenny Johanne Bårdsnes  
24.09 Bjørg Irene Ræstad  
28.10 Oddmund Uren  
10.11 Grethe Larsen Nybrott  
15.11 Solfrid Rønne

Vike kyrke

Døpte:

- 28.08 Mila Vatnehol Solevågseide  
11.09 Storm Kornel Kildal Uri  
(døpt i Skodje kyrkje)  
02.10 Sertina Melissa Iserni Lange-Nørve

### Fiksdal kyrke

Døpte:

- 25.09 Ingrid Fiksdal  
25.09 Theodor Marken  
13.11 Eilev Johan Paus  
13.11 Storm Karlsnes  
13.11 Kaspar Olai Havnsund Bårdnes

Vigde:

- 10.09 Carita Skavnes og Lars-Harald Holten Frostad

### Tresfjord kyrke

Døpte:

- 04.09 Lars Sandvand Helset  
04.09 Randi Hovden Olsen  
04.09 Jakob Ingemann Sætre  
04.09 Hans Ole Leine Sætre  
23.10 Hemming Frostad

Døde:

- 23.09 Morten Håberg Medhus  
04.10 Petra Tora Daugstad  
02.11 Jakob Eidhammer  
07.11 Eirin Renate Øvstedal  
11.11 Per Asbjørn Løvik  
12.11 Gerd Asbjørn Lisljen  
13.11 Anna Eik  
16.11 Marie Øvstedal

### Vike kyrke

Døpte:

- 28.08 Mila Vatnehol Solevågseide  
11.09 Storm Kornel Kildal Uri  
(døpt i Skodje kyrkje)  
02.10 Sertina Melissa Iserni Lange-Nørve

## Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Tirsdag 6.des. kl.16.00 – 18.00  
Tirsdag 10.jan. kl.16.00 – 18.00  
Tirsdag 7.febr. kl.16.00 – 18.00  
Tirsdag 7.mars kl.16.00 – 18.00  
Tirsdag 4.april kl.16.00 – 18.00  
Tirsdag 2.mai kl.16.00 – 18.00  
Tirsdag 6.juni kl.16.00 – 18.00



Inga påmelding,  
her er det berre å møte opp!  
Treng du skyss til ettermiddagskafé?  
Ring då til Silje Sylte på telefonnr.:  
**950 93 306.**

Ta kontakt i god tid så det kan  
samkjørast på best muleg måte.

Omsorgstilbodet er eit samarbeid  
mellan Tresfjord Røde Kors og  
Tresfjord sokneråd.



## Konsertar i desember

### Tomra Brass Band

4. des. Vestnes kyrke

kl. 19.00



### Adventskonsertar

11. des. Fiksdal kyrke

kl. 15.00

11. des. Vike kyrke

kl. 17.00

11. des. Vestnes kyrke

kl. 19.00

18. des. Tresfjord kyrke

kl. 19.00

### Forkava

17. des. Konsert Vestnes kyrke kl. 18.00

